



# *Vinje kommune*

# 1. tertialrapport 2007

**A: Økonomirapport 1. tertial 2007**

**B: Tertialrapportar frå einingane pr. 30.04.2007**

**Rådmannen 22.05.2007**  
Sissel Jacobsen Bitustøyl  
Jan Myrekrok

## A. Økonomirapport 1. tertial 2007


### Tabellar:

1. Driftsrekneskap pr. 30.04.07 med årsprognoser for 2007
2. Investeringsrekneskap pr. 30.04.07 med årsprognoser for 2007
3. Balanserekneskap for Vinje kommune pr. 30.04.07.

### Kommentarar:

#### Driftsrekneskapet:

Skatteinngangen for dei ordinære inntektskattane ligg godt over fjorårets tal dei fire første månadane i 2007. Det er til no kome inn 59,9 mill. kr. mot 47,5 for same periode i fjor. Dette utgjer ein auke på 26,17%, som i hovudsak kan tilskrivast etterskotspliktige skattytarar frå månadsoppgjeret for februar. Budsjettert inngang av eigedomsskatt er elles nådd.



Netto finansinntekter har også ei tilfredstillande utvikling.

Folketalet minskar med 10, til 3 684 innbyggjarar ved årsskiftet. Dette verkar inn på rammetilskotet, som reduserast. Samanstilt med konsekvensane av revidert nasjonalbudsjett ser ein at rammetilskotet vert kr. 1.915.000,- lågare enn ein la til grunn i årsbudsjettet. Skatteveksten gjer imidlertid til at frie inntekter samla sett ikkje vert lågare enn føresett.

Kultur, TDV (på brannberedskap), Helse og sosial og heimetenestene har kommentert avvik/utfordringar når det gjeld økonomiske tilhøve ved drifta så langt i 2007.


## Investeringsrekneskapet

TDV rapporterer at dei fleste prosjekt er i rute. Oppstart av prosjektet "små avløpsanlegg" er usikker. Arbeidet med rassikring i Edland kjem i gang no i juni, medan tettstadutvikling i Åmot ventar på ferdigstilling av reguleringsplanen.

## Likviditet

Likviditeten i kommunen har i 1. tertial vore langt betre enn i 2006. Ved utgangen av 1. tertial er kommunen sin likviditet på omlag 82,5 mill. kr., mot 51,8 mill. på tilsvarende tidspunkt i 2006 og 38,9 mill. kr. i 2005. Den betra likviditeten skuldast hovudsakleg at fleire prosjekt, både for i år og frå tidlegare år, ikkje er gjennomførte. God skatteinngang og driftsoverskot for 2006 verkar også inn.

Budsjetterte låneopptak for 2006 og 2007 er enno ikkje gjennomførte. Ein er ikkje uroa for likviditeten i 2007, men følgjer utviklinga nøye.



*Balanse*

**BALANSEREKNESK. VINJE KOMMUNE PR. 30.4. 2007**

(heile tusen)

PR. 30.4.2007

PR. 30.4.2006

**EIGENDELAR:**

**A. Anleggsmidler 2.2.**

Faste eigedomar og anlegg	kr	403 504	kr	387 276
Utstyr,maskinar og transp.midlar	kr	12 653	kr	12 305
Utlån	kr	11 908	kr	11 963
Aksjar og andelar	kr	44 204	kr	43 687
Pensjonsmidlar	kr	246 183	Kr	225 806
<b>Total anleggsmidler</b>	<b>kr</b>	<b>718 452</b>	<b>kr</b>	<b>681 037</b>

**B. Omløpsmidlar 2.1.**

Kortsiktige fordringar	kr	83 561	kr	17 258
Aksjar og andelar	kr	-		
Sertifikat	kr	-		
Premieavvik pensjonar	kr	7 960	kr	8 344
Kasse,postgiro og bankinnskot	kr	78 049	kr	51 972
<b>Totalt omløpsmidlar</b>	<b>kr</b>	<b>169 570</b>	<b>kr</b>	<b>77 574</b>

**EIGENKAPITAL OG GJELD**

PR. 30.4.2007

PR. 30.4.2006

**C. Eigenkapital 2.5**

Disposisjonsfond	kr	10 621	kr	6 710
Bundne driftsfond	kr	15 465	kr	16 065
Ubundne investeringsfond	kr	12 929	kr	4 192
Bundne investeringsfond	kr	136	kr	-
Rekneskapsm.meir/mindreforbr. invest.	kr	190	kr	2 170
Rekneskapsm.mindreforbruk drift	kr	17 268	kr	4 693
Rekneskapsmessig meirforbruk drift				
Likviditetsreserve	kr	2 254	kr	2 254
Kapitalkonto	kr	364 379	kr	352 938
<b>Total eigenkapital</b>	<b>kr</b>	<b>423 242</b>	<b>kr</b>	<b>389 022</b>

**D. Gjeld**

Langsiktig gjeld: 2.4

Ihendehavarobligasjonar

Pensjonsforpliktingar	kr	285 144	kr	262 893
Andre lån	kr	71 058	kr	70 193

Kortsiktig gjeld: 2.3

Kassakredittlån				
Anna kortsiktig gjeld	kr	44 603	kr	44 077
Premieavvik	kr	3 468	kr	3 726

**Total gjeld**

**kr 404 273 kr 380 889**

**Sum totalt**

**kr 888 022 kr 758 611 kr 827 515 kr 769 911**

<b>Differanse aktiva/pasiva pr 30.4.</b>	<b>kr 60.507</b>
<b>Memoriakonti:</b>	<b>NETTO inntekt INVEST.PR.30.4.07</b>
Ubruka lånemidler	kr 1 594 kr 4 452
Andre memoriakonti	kr 536 kr 536
Motkonto fro memoria	kr -2 130 kr -4 988
<b>kr</b>	<b>kr</b>
<b>-</b>	<b>-</b>
	<b>NETTO INNT. DRIFT PR.30.4.07</b>
	<b>KR 55.907.746,-</b>
	<b>NETTO INNTEKT</b>
	<b>= KR 60.507.975,-</b>

### *Hovudkonklusjonar*

Tertialrapporteringa syner at dei fleste einingane har kontroll over økonomien. Fire av einingane kan ha vanskar. Frie inntekter går samla sett i balanse.

Det er ikkje varsla store overskridingar på investeringsprosjekta i 2007. Men eitt prosjekt har for knapp ramme, noko som rekneskapsaka skisserer løysing på.

Likviditeten er betre enn fjoråret, sjølv om budsjetterte låneopptak ikkje er gjennomførte enno. Ein er ikkje uroa over likviditeten i 2006, men vil følgje nøye med på utviklinga.

**Driftsrekneskap pr. 30.04.07**

	Rekneskap pr. 30.04.07	Andel av årsbudsjettet etter 1. tertial i		Årsprognose 2007	Årsbudsjett 2007	Avvik 2007
		2007	2006			
1 Skatt på formue og eige	-59 915	58,9 %	68,3 %	-101 762	-101 762	0
2 Ordinært rammetilskot	-11 199	31,8 %	86,7 %	-33 293	-35 208	1 915
3 Skatt på eigedom	-48 529	100,1 %	100,0 %	-48 529	-48 500	-29
4 Andre direkte eller indirekte skattar	0	0,0 %	26,1 %	0	0	0
<i>Konsesjonsavgifter</i>				-21 500	-21 500	
<i>Konsesjonskraft</i>						
5 Andre generelle statstilskot <sup>2</sup>	-94	6,1 %	63,2 %	-1 550	-1 550	0
<i>Tilskot til flykningar</i>						
<i>Reform 97</i>						
<i>Psykiatritilskot</i>						
<i>Amortiseringstilskot, eldre</i>						
<i>Momskompensasjon</i>						
<i>Tilskot skulebygg</i>						
<i>Kompensasjon arbeidsgjevarabgift</i>						
<i>Andre tilskot</i>	0			0		
<b>6 Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-119 737</b>	<b>57,4 %</b>	<b>69,7 %</b>	<b>-206 634</b>	<b>-208 520</b>	<b>1 886</b>
7 Renteinntekter og utbyte	-1 076	34,7 %	73,6 %	-3 100	-3 100	0
<i>Forsinkingsrenter</i>						0
<i>Renteinntekter</i>	-1 076			-1 700	-1 700	0
<i>Utbyte frå selskap</i>				-1 400	-1 400	0
8 Renteutgifter, provisjon o.a. finansutg.	739	17,7 %	21,2 %	4 178	4 178	0
<i>Tap på krav</i>						0
<i>Renteutgifter på lån</i>	739			4 178	4 178	0
<i>Kurstap/kursgevinst</i>				0	0	0
9 Avdrag på lån	1 400	31,7 %	60,8 %	4 415	4 415	0
<i>Avdragsutgift på lån</i>	1 400			4 415	4 415	0
<b>10 Netto finansinntekter/utgifter</b>	<b>1 063</b>	<b>19,4 %</b>	<b>22,0 %</b>	<b>5 493</b>	<b>5 493</b>	<b>0</b>
11 Til dekking av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	0			0	0	0
12 Til ubundne avsetjingar	0			1 555	1 555	0
13 Til bundne avsetjingar <sup>1</sup>	0	0,0 %	0,0 %	21 500	21 500	0
<i>Avsetjing til konsesjonsavgiftsfond</i>	0		0	21 500	21 500	0
<i>Avsetjing til næringsfond</i>	0			0	0	0
<i>Andre bundne avsetjingar</i>	0					
14 Bruk av tidl. års reknesk.messige mindreforbruk	0					0
15 Bruk av ubundne avsetjingar						0
16 Bruk av bundne avsetjingar		0,0 %	0,0 %	-3 807	-3 807	0
<i>Bruk av konsesjonsavgifter i drift</i>	0				0	0
<b>17 Netto avsetjingar</b>	<b>0</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>19 248</b>	<b>19 248</b>	<b>0</b>
18 Overført til investeringsrekneskapen				9 400	9 400	0
<b>19 Til fordeling drift</b>	<b>-118 674</b>			<b>-172 493</b>	<b>-174 379</b>	<b>1 886</b>
20 Sum fordelt til drift	0	68,1%	72,0 %		0	0
<b>21 Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>-118 674</b>			<b>-172 493</b>	<b>-174 379</b>	<b>1 886</b>

# Investeringsoversikt pr. 30.4.2007

Side 1

Prosjekt		Vedteke kostnads- ramme pr.2007	Løyvingar 2007	Invest totalt pr.31.12.06	Invest 2007 pr. 30.4.	Investera totalt pr.30.4.07	Gjenstår av løyving
<b>Namn:</b>	<b>ÅR</b>						
Kyrkjegardar	2007	460 000	460 000		0	0	460 000
Kommunehus Åmot	frå 06	2 194 000		2 115 226	17 699	2 132 925	61 075
Kommunehus heis	frå 07	1 500 000	1 500 000		26 318	26 318	1 473 682
Åmot skule	frå 05	2 650 000		79 485		79 485	2 570 515
Edland skule utear.	frå 06	200 000		128 916		128 916	71 084
Rauland småskule	frå 06	4 029 000		2 766 620	889 555	3 656 175	372 825
Edland barnehage	frå 06	3 960 000	1 420 000	1 107 033	1 795 313	2 902 346	1 057 654
Hakkespetta parkering	frå 06	400 000		375 618		375 618	24 382
Hakkespetta ny avd.	frå 07	6 400 000	6 400 000			0	6 400 000
Vinje oppvekst gjerde	frå 07	200 000	200 000			0	200 000
Rauland bhg uteområde	frå 07	200 000	200 000			0	200 000
Edland bhg uteområde	frå 07	200 000	200 000			0	200 000
Rauland omsorgssenter	frå 04	3 800 000		3 497 202	110 041	3 607 243	192 757
Vinje omsorg ombygg.	frå 05	182 000		0		0	182 000
Rauland oms. uteomr.	frå 06	1 200 000		19 825	6 400	26 225	1 173 775
Brannsikring trygdebust.	frå 07	2 000 000	2 000 000			0	2 000 000
Psykiatribustadar	frå 07	200 000	200 000			0	200 000
Opprusting bygg	frå 05	1 928 000		1 937 683	130 048	2 067 731	-139 731
Raulandshuset	frå 02	18 860 000		18 482 027	253 675	18 735 702	124 298
Raulandshuset 2/3 byggesteg	frå 07	5 000 000	5 000 000		5 575	5 575	4 994 425
Vinjehuset avfukt.anlegg	frå 07	480 000	480 000			0	480 000
Vinjehuset nytt amfi	frå 07	1 000 000	1 000 000		2 000	2 000	998 000
Myllarheimen restaur.	frå 07	100 000	100 000			0	100 000
Vinjar opprusting	frå 06	1 194 000	900 000	0	1 586	1 586	1 192 414
Toppdekke skiarena	frå 05	400 000		213 786		213 786	186 214
Dyre Vaa bygget	frå 06	1 700 000		0		0	1 700 000
VA Hotellet/Torvetjønn	frå 05	97 000		99 960		99 960	-2 960
VA Austbø/Bjålidmogen	frå 03	1 500 000		1 368 642		1 368 642	131 358
VA 12 delprosjekt	frå 05	2 693 000	900 000	1 362 803	428 711	1 791 514	901 486
Ledningsnett	frå 05	200 000		158 500		158 500	41 500
Hovdestadmogen	frå 05	2 000 000	1 000 000	374 565		374 565	1 625 435
Såtehov utjamn.basseng	frå 05	4 500 000		4 303 316		4 303 316	196 684
Avløpsledn. Austbø	frå 06	400 000		339 497		339 497	60 503
Små avløpsanl.	frå 06	600 000	300 000	29 361		29 361	570 639
Vågslid renseanlegg	frå 07	3 000 000	3 000 000		5 200	5 200	2 994 800
Trykkaukesatsj.Haukelid	frå 07	600 000	600 000			0	600 000
Tørestasj. Bubil Rauland	frå 07	250 000	250 000			0	250 000
Tørestasj. Bubil Haukelid	frå 07	150 000	150 000			0	150 000
Oksatjønn høgdebasseng	2006	4 695 000	4 200 000	495 000	217 511	712 511	3 982 489
Vatn/avlauvsplan	frå 07	600 000	600 000		9 476	9 476	590 524
Rauland renseanlegg	frå 07	20 000 000	20 000 000		51 980	51 980	19 948 020
Avløpsledn. Hadland/Raul.	frå 06	3 800 000		638 568	1 103 882	1 742 450	2 057 550
VA Harkjelstaulli	frå 07	5 000 000	5 000 000			0	5 000 000
VA Mobø/Steinbakken	frå 07	1 500 000	1 500 000			0	1 500 000
Avsett anleggbidrag avløp	2007	1 100 000	11 000 000			0	1 100 000
Avsett anleggbidrag vatn	2007	5 500 000	5 500 000			0	5 500 000
VA skitunet	frå 06	5 500 000		0		0	5 500 000
Kommunale vegar	frå 07	4 500 000	4 500 000			0	4 500 000
Asfaltering	frå 05	1 667 000		1 569 636	113 131	1 682 767	-15 767
G/S vegar	frå 06	500 000		20 519	3 200	23 719	476 281
Bruer	frå 06	1 000 000	500 000	112 672		112 672	887 328
Bustadområde	frå 06	500 000		151 706		151 706	348 294

# Investeringsoversikt pr. 30.4.2007

Side 2

Prosjekt		Vedteke kostnads- ramme pr.2007	Løyvingar 2007	Inv. totalt pr.31.12.06	Inv. 2007 pr. 30.4.	Inv. totalt pr.30.4.07	Gjenstår av løyving
Såtehov bustadfelt	frå 06	4 500 000		3 835 000	17 312	3 852 312	647 688
Rassikring Bratlandsfeltet	frå 06	7 000 000	7 000 000	162 746	95 351	258 097	6 741 903
Industri/næringsområde	frå 05	500 000		177 626	5 812	183 438	316 562
Maskinplan	2007	600 000	600 000		566 407	566 407	33 593
Tankbil brann	2007	600 000	600 000		325 000	325 000	275 000
Tetstadutvikling Rauland	frå 05	3 396 649	1 000 000	3 891 922	48 191	3 940 113	-543 464
Tettstadutvikling Åmot	frå 07	500 000	500 000			0	500 000
Hytte Glaimane	frå 06	300 000		220 253	75 279	295 532	4 468
Aksjekjøp	frå 04	2 400 000		0		0	2 400 000
		<b>136 789 000</b>	<b>88 760 000</b>	<b>38 730 704</b>	<b>6 304 653</b>	<b>56 340 366</b>	<b>95 745 283</b>

## B. Tertialrapport 1. tertial 2007 frå einingane

Her følgjer ei oppsummering av einingane sine rapportar for 1. tertial 2007. Det vert rapportert på avvik frå verksemdsplanane med rapportering på 4 dimensjonar:

1. **Måloppnåing:**
  - i høve til overordna prioriteringar og mål, satsingsområde og kvalitet
2. **Økonomi**
  - om økonomiske og personalmessige ressursar vert nytta som føreset
  - om budsjetttramma vil halde
  - om det er nødvendig å setje i verk spesielle tiltak for å halde tildelt budsjetttramme
3. **Personal**
  - om tilhøve knytt til psykososialt miljø, kompetanseutvikling, sjukefråver og HMS/fysisk miljø.
4. **Andre tilhøve**
  - nye utfordringar og utvikling i høve til handlingsplan for dei neste 4 åra.

### 1. Måloppnåing

Det er lite avvik å melde frå einingane.

#### *Vinje heimetenester*

har ikkje innført natteneste for heimesjukepleia. Det har vore liten respons på utlysing av stillingane. Ein har difor lyst dei ut på nytt.

#### *Tenestetorget*

Er forseinka i arbeidet med nye heimesider, men reknar med å vera ferdig i løpet av junimånad.

#### *Vinje helsetenester*

Edland legekantor vil vera stengt lenger enn forventet grunna midlertidig mangel på legar. Kontoret opnar 20. august.

### 2. Økonomi

Fire einingar melder om bekymringar for økonomien framover.

#### *Kultur*

Eininga har i budsjettet ikkje fått nok midlar i høve til drifta av kiosken på Vinjehuset.

### *Teknisk drift og vedlikehald*

Budsjettet for brannberedskap har store overskridingar og treng ein grundig gjennomgang i samband med budsjetthandsaminga.

### *Vinje helse og sosial*

Mange legepermisjonar gjer at 2007 blir eit dyrt driftsår. Nye sentrale avtalefesta fridagar med løn etter legevakt, gjer at ein vil få ein varig reduksjon i inntekta til eininga.

### *Vinje heimetenester*


Ein må nytte meir ressursar enn det som ligg i budsjettet for avdeling for funksjonshemma, grunna 2 brukarar som treng ekstra oppfølging. Ein arbeider med å omorganisere for å spare lønsutgifter så langt det er fagleg forsvarleg.

## **3. Personal**

### **Sjukefråver**

Då ein tidlegare år har rapport kvartalsvis, har ein måtte nytta tal frå kvartala til å samanlikna med tertialrapport for dei ulike åra. Dette gir litt ulikt bilde, men vil samla sett gje eit bilete på det totalte sjukefråveret. Ein har nytta desse periodane til samanlikning:

- 1 kvartal = 1 tertial
- 3 kvartal = 2 tertial
- 4 kvartal = 3 tertial



totalte sjukefråveret har auka i 1. tertial 2007 i høve til fråveret i utgangen av 2006.

Sume einingar melder om langtidsjukemeldingar som ikkje er relatert til arbeidsplassen. Den store "influensaepidemien" i januar og februar slo særleg sterkt ut på sjukefråversstatistikkane i barnehagane, skulane og i omsorgseiningane.

## ***5 Andre tilhøve***

### ***Teknisk drift og vedlikehald***

Det er stort arbeidspress i eininga i samband med nyinvesteringar og utbyggingar både innan kommunale bygg og fritidseigedomar.

### ***Kultur***

Biblioteksjefen har slutta og det har teke tid å få tilsett ny. Eininga er derfor for tida underbemanna i høve til arbeidsoppgåver.

### ***Økonomi, plan og utvikling***

har eit årsverk ute i permisjon. Dette gjev lengre sakshandsamingstid på planarbeid og kart og oppmåling.

### ***Vinje heimetenester***

Det blir arbeidd mykje med å skaffe nok omsorgsbustader for unge funksjonshemma. Dette er ein stor utfordring for eininga.

### ***Vinje sjukeheim***

Ein ser med otte fram til ferieavviklinga på sjukeheimen. Ein har framleis 200-300 vakter ledige. Det melder seg for få ferievikarar til å dekkje behovet for arbeidskraft. Det vil difor ikkje vera mogleg å oppretthalde ordinær drift i perioden.

### ***Vinje helse***

Melder at det er ei utfordring å rekruttere og halde på kvalifisert personell i ein arbeidsmarknad der det er mangel på arbeidskraft.